

Vårhelsing våren 2020 frå ordføraren til innbyggjarane:

JAN:



Året starta friskt med fyrste samling for det nye styret i KS Viken som eg er så heldig å få sitja i. Me hadde vårt møte i Oslo då me kjem frå alle kantar i Viken. Eit godt fyrste møte som teiknar bra for mykje god overføringsverdi mellom kommunane i Viken, men og felles front i viktige sakar nasjonalt for kommunane.

Så venta ein liten køyretur over Hemsedalsfjellet til IS RV 52 (Interesseselskapet for riksveg 52) i Lærdal. Det var godt å få møte dei nyvalte ordførarane som både Pål (ordførar i Hemsedal) og eg skal samarbeide med vidare. Vår sak er viktigare enn aldri før, det blir berre meir og meir transport av varer langs vegane og då må me sørge for ein standard som sikrar næringslivets veg frå aust til vest og frå aust til nord-vest.

Etter eit godt initiativ frå eigarane ved Kremmartunet hadde me eit spennande møte for å diskutere samarbeid for å auke rekrutteringa til driverar/leiarar til handel og servicenæringa på Gol og i Hallingdal. Vidare vil me prøve å få med Hallingdal Etablerersenter for å laga ei kursrekke som senkar terskelen for at lokale folk vil ta ansvaret som driverar/leiarar når kjede-butikkar ynskjer å etablere seg lokalt.



Tradisjonen tru er også nyåret vert for Lokalsamfunnsforeningens årlege konferanse. I år var eg både innstilt som nytt medlem til styret, men og bede om å halde eit innlegg ifm konferansa sitt tema – kommunereform, politireform og anna sentralisering.

Mange gode foredrag og interessante politiske diskusjonar mellom dei nasjonale politikarane som heldigvis pla ta turen til konferansa.

Det blir spesielt moro å no være med på å planlegge ny konferanse då eg no sit i styret.

Rett etter konferansa gikk turen vidare, men ikkje lengre enn til Voksenåsen Hotell der KS hadde invitert til denna perioda si fyrste ordførarsamling. Dette er noko KS gjer kvar valperiode for å gi oss som nyvalde ordførarar (sjølv om du har sitti perioder frå før) ei innleiing til kva som ventar, samtidig som samlinga gir masse rom til refleksjon om seg sjølv i rolla og overføringsverdi mellom ordførarar ift måtar å løyse oppgåva som ordførar på.


I forbindelse med ordførarsamliga inviterte fylkesmannen seg inn til oss for å halde sitt fyrste dialogmøte. Møtet var fyrst og fremst ein presentasjon av embete slik at me kan kjenne att avdelingar og personar som me mest sannsynlegvis vil koma borti!



Med MYKJI NERVU i heile kroppen så var det endeleg tid for Hallingdalskonferansa på Geilo. I år hadde nemleg eg fått moglegheten til å delta i programmet under paneldebatten som skulle foregå mellom blant anna Trond Helleland, Trygve Slagsvold Vedum og Nina Solli. Utruleg artig å få utfordringa og eg syns det gjekk tålè bra!

Flott at Hallingdalskonferansa har vorte ein så aktuell arena for sentrale politikarar og eigentleg fyrst og fremst; for næringslivet i Hallingdal!

Rett etter konferansa vart det avhelde eit kort, men viktig møte mellom deltagarane i Forum Nye Bergensbanen for å leggje ein strategi for påverknad med tanke på Ringeriksbanen.



Eit spennande pilotprosjekt for Gol og Hallingdal hadde sitt oppstartsmøte i februar 2020 og det var pilotprosjektet saman med Brakar. Ein pilot på korleis kollektiv kan basere seg på bestilling.

Dette prosjektet skal ta for seg ei utvida sentrumsruta og har ungdom som hovudgruppe. Me i Gol kommune ville helst at pilotprosjektet kunne forsterke bygderuta men fekk ikkje igjennom vårt ynskje...

MEN me testar då uansett ut ordninga med stort engasjement!



Ei av dei beste kveldane denne våren var temakvelden for psykisk helse.

Med eit utruleg godt foredrag frå ei som har vore igjennom mykji vondt og vanskeleg men som no står oppreist og støtt OG ei verkeleg fantastisk forestilling av Dramalinja på Gol VGS med same tema trefte veldig godt.

FEB:

Tenk så heldige me era på Gol som har fått ny prest – og ikkji kem som helst heller, ei sambygding rett og slett! Innsettingsgudtenesta til Arnstein var rett og slett ein fryd å få være med på. Det er eit spesielt augeblikk for ein ordførar å få være med på ein slik dag då soknet, men og alle innbyggjarane, får ein ny og i hans tilfelle, ung og frisk, prest som skal fylgje dei på ein eller anna måte gjennom livets mest gledelege men og sorgfulle stunder. Det er og eit privilegium å ha hatt ein så fantastisk sokneprest som me har hatt i Jan Olav, vår alles Jan Olav Skinnemoen. Tusen hjarteleg takk for alt du har gjort for så mange, og heldigvis skal du ingen stad. Du skal berre ha ei litt anna rolle.

Takk😊





Så kom det årlege arrangementet – Kommunalpolitisk toppmøte kombinert med Arbeiderpartiets ordførarkonferanse og Kvinnelunsj. Ein viktig møteplass å være på, både for å møte gamle kollegaer men og nye. Ikke berre partivis men frå heile landet. Det gir inspirasjon, motivasjon og masse giv. Det å kunne reise tyst og svølten på ei slik samling og koma heimatt med masse påfyll er berre det beste e veit!

MARS:



Uvitande om kva som var i vente for Norge så starta mars-månaden med Arbeidslivsfrukost på Ål vidaregåande skule! Eit supert initiativ frå skulen og utruleg bra så også fylkesråden tok turen. Det var verkeleg inspirerande og eg er veldig glad både for å ha blitt invitert, men at eg og fekk delta i samtalen undervegs i programmet. Utdanning er verkeleg ikkje ein linær greie, den er berre utruleg spennande og uforutsigbar!

Større og større mage på meg men turen til Lillestrøm tok eg lell! Neste på dagsorden var Strategikonferanse for KS Viken. Me begynte faktisk på denne konferansa å merke litt til det som var på ferde. Det vart påpeikt at me måtte væra flinke med håndvask blant anna. Eg trur faktisk konferanse var, på eit tidspunkt, tenkt å utsettast MEN, me var der og fekk med oss eit godt program med blant anna Hilde Bjørnsvik, kultursjef i Ål! Heia Hallingdal!



12 mars 2020 – nedstenging – alt etter denna datoен vart og er framleis annleis. Fyrste ordinære kriseleningsmøte men laaaaaaaaaangt frå det siste. Og med dei møtene følgte også ordførarprat som seinare vart samsnakkmøter. Digitale møter med fylkesmann, helsedirektorat, helseminister og fleire vart den nye normalen.



Og tilslutt, før tida var komen for å gå ut i barselpermisjon så gjennomførte me på Gol det første digitale kommunestyremøte i Hallingdal – og det på ein god måte! Reisten av året var Herbrand sjef, og for eit år å væra sjef i – men lykke, lykke til!

Eg følgjer med frå utsida😊